



Sak nr 7/2023

Møtedato: 22.2.23

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Ny plassering av hytte - Baklia

Fjellstyret fekk tidlegare ei hytte frå Vaset utbyggingsselskap, der denne vart i fjellstyresak 14/2022 ynskja plassert ved Liset i Baklia (i møte 16.06.2022).

Denne plasseringa vart ikkje godkjent i kommunestyresak KS-83/2022 (21.11.2022). Dette med grunngjeving i møtet knytt til nær 50 meters grense langs vatn samt inntil myrområde/veg over blautt terreng.

Det er sett på ny tomt, noko lenger inn mot Grunke. Dette tomteforslaget inneber ei ny plassering nærare Feodden. Dette gjev ein avstand på ca 115 meter frå vasskanten som ivaretek det som vart take opp i kommunestyret i førre sak. Dette er og utanfor alle aktsomheitsområde knytt til vassdrag.

Det er og etablert ei avkøyring her frå før som kan nyttast. Denne ligg ikkje i utsiktsområde til nokon som er positivt. Det ligg ei hytte i området frå før, men denne ligg 140 meter unna. Det er og skogkledd område mellom som sperrer for innsyn.

Det er ein støl, som og er aktiv med geiter i området. Denne stølen ligg ca 500 meter unna, og er dermed ikkje i vesentleg grad direkte rørt av dette tiltaket. Dette er eit beiteområde for geiter, men generelt i allmenninga er det beiteområde for ulike dyr, så dette gjev i mindre grad direkte negativ verknad/eller den blir ca lik nær sagt same kor denne fjellstyrehytte kjem. Det er heller ingen område registrert som «dyrklar jord» i nærleiken. For å redusere evt verknader for beitebruk her finn ein at det kan vere lurt å ha ei mindre inngjerding rundt hytta.

Plasseringa ligg strategisk til i høve til oppsyn. Det er og enkel båtutsetting nær nedlagt massetak, som er eit pluss for bruken.

Fig 1 syner tomteplassering (raud ring) med nærområdet.



Området er undersøkt med tanke på naturmangfald § 8-12 gjennom eksisterande kartleggingar, og det er ikkje funne verdiar som ikkje er forenlige med omsøkt fjellstyrehytte.

Tomteplassering er avklart med Statskog, som stiller seg positiv til omsøkt tomt.

Oppsummert finn administrasjonen at dette vil kunne vere ei god tomteplassering som ivaretek tilhøve til nærliggande støl/hytte samt omgjevnadene. Hytte vert plassert i eit skogholt som gjer den mindre synleg, samt at nærliggande støl/hytte heller ikkje opplever innsyn frå bruken av fjellstyrehytta.

Framlegg til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positive til å gå vidare med planer om ny fjellstyrehytte ved Feodden i Baklia. Ein ber administrasjonen fremje søknad for Statskog/kommunen for å realisere dette prosjektet.

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positive til å gå vidare med planer om ny fjellstyrehytte ved Feodden i Baklia. Ein ber administrasjonen fremje søknad for Statskog/kommunen for å realisere dette prosjektet.

Vedtaket er samrøystes.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkeltvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 23.02.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune